

(A) = Åpen, kan bestilles fra Universitetet i Stavanger / Arkeologisk museum
(B) = Begrenset distribusjon
(C) = Kan ikke utleveres

Arkeologisk overvaking i samband med graving ved St. Petri-kyrkja, Storhaug bydel.

Bergjeland, gnr. 55, bnr 911, "Stavanger mellomalderby", Stavanger k.

Even Bjørdal

AM saksnummer: 25/2007
Journalnummer: 07/590


Dato: 12.01.2010
Sidetall: 6 + vedlegg
Opplag: 10

Oppdragsgiver: Stavanger eiendom, Stavanger kommune
Postboks 8001
4068 Stavanger

Overvaking utført av AmS for NIKU Distriktskontor Bergen

Stikkord:

St. Petri - kyrkja, påfylde massar, grunnfjell, rest av mur



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Oppdragsrapport 2010/2
Universitetet i Stavanger,
Arkeologisk museum,
Avdelling for fornminnevern

Utgjevar:
Universitetet i Stavanger
Arkeologisk museum
4002 STAVANGER
Tel.: 51 83 31 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: post-am@uis.no

Stavanger 2010

Arkeologisk overvaking i samband med graving ved St. Petri-kyrkja, Storhaug bydel.

Bergjeland, gnr. 55, bnr 911, "Stavanger
mellomalderby", Stavanger k.

Even Bjørdal



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum OPPDRAGSRAPPORT	RAPPORTNUMMER 2010/2
Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum, 4036 Stavanger Telefon: 51832600, fax: 51832699, e-post: post-am@uis.no	TILGANG
RAPPORT TITTEL <i>Arkeologisk overvaking i samband med graving ved St. Petri-kyrkja, Storhaug bydel. Bergjeland, gnr. 55, bnr 911, "Stavanger mellomalderby", Stavanger k.</i>	SIDETAL: 6 sider + vedlegg
	OPPLAG: 10
	DAT0: 12.01.2010
Journalnr.: 07/590 Am saksnr.: 25/2007 ID i Askeladden: knytt til 85539 (St.Petri-kyrkja) SAKSHANDSAMAR: Helge Sørheim FORFATTAR: Even Bjørdal	

OPPDRAGSGJEVAR Stavanger eiendom, Stavanger kommune Postboks 8001 4068 Stavanger Overvaking utført av AmS for NIKU Distriktkontor Bergen	OPPDRAGSGJEVAR SI REF.
REFERAT Saka gjeld graving ved St. Petri – kyrkja i Stavanger i samband med restaureringsarbeid knytt til kyrkja, mellom anna ei grøft for tilkopling av vatn i kjellaren. Det aktuelle området ligg innanfor grensene til gatebruksplan 1778G1 for området mellom Nykirkebakken, St. Petri – kyrkja og Stavanger Aftenblad (området vert kalla "Petriplataet"). AmS har stått for overvakinga på vegne av NIKU Distriktkontor Bergen. Overvakinga viste at grunnen i det aktuelle området var prega av påfylde massar frå dei siste hundreåra og grunnfjell. Det blei ikkje påvist freda kulturminnerestar. Det var ingenting blant gjenstandsfunna som vart vurdert til å vere eldre enn frå 1800-talet. Det blei påvist og fotodokumentert restar av ein mur langs austsida av St. Petri – kyrkja. Denne vart vurdert til å vere bygd samstundes med kyrkja i 1860-åra, moglegvis som ein forstøtningsmur.	
STIKKORD	
St. Petri - kyrkja	
Rest av mur	
Påfylde massar, grunnfjell	

1. Samandrag
2. Innleiing
3. Tidsrom og deltakarar
4. Metode
5. Kort om overvakinga
6. Oppsummering
7. Litteratur/korrespondanse
8. Vedlegg

Vedlegg 1 Fotoliste

Vedlegg 2 Kart som viser undersøkingsområdet

Figurar

Figur 1 Grøfta i retning kyrkja. Mot V...s. 4

Figur 2 Grøfta med inngangen i bakgrunnen.

Påfylde massar og sprengt fjell. Mot SV...s. 4

Figur 3 Det første glimtet av steinmuren. Mot SØ...s. 5

Figur 4 Grøft og mur ved inngangen. Mot NNV...s. 5

Figur 5 Den sørlege delen av muren. Mot V...s. 5

Figur 6 Hovudparten av den nordlege delen av muren. Mot VNV...s. 5

Figur 7 Den nordlegaste delen av muren. Mot SØ...s. 6

Figur 8 Nordleg del av mur og annan, synleg mur like i nord. Mot NV...s. 6

1. Samandrag

Saka gjeld graving i samband med restaureringsarbeid ved St. Petri - kyrkja i Stavanger. Det aktuelle området på "Petriplataet" ligg innanfor grensene til "mellomalderbyen Stavanger" og er omfatta av gatebruksplan 1778G1 for området mellom Nykirkebakken, St. Petri - kyrkja og Stavanger Aftenblad.

Det vart nytta gravemaskin til å fjerne massar innan undersøkingsområdet. Rapportforfattaren var til stades og følgde med for å sjå om det dukka opp strukturar eller funn som kunne vere automatisk freda. Det blei ikkje påvist slike kulturminnerestar i løpet av den arkeologiske overvakinga. Det var ingenting blant gjenstandsfunna som vart vurdert til å vere eldre enn frå 1800-talet. Grunnen i det aktuelle området var prega av påfylde massar frå dei siste hundreåra og grunnfjell. Langs austsida av kyrkja oppdaga ein restar av ein steinmur, denne gjekk parallelt med bygningen. Muren er vurdert til å vere bygd samstundes med kyrkja i 1860-åra, moglegvis som ein forstøtningsmur. Undersøkingsområdet på austsida av kyrkja vart ikkje målt inn detaljert i felt, men var truleg på ca 80 - 100 m².

2. Innleiing

Det aktuelle arealet ligg innanfor grensene til det automatisk freda kulturminnet "mellomalderbyen Stavanger", og det var difor naudsynt med ei arkeologisk gransking i samband med gravearbeidet. Tiltakshavar Stavanger eiendom (Stavanger kommune) blei pålagd av Riksantikvaren å dekke kostnadane ved denne granskinga/overvakinga (jf. korrespondanse Riksantikvaren, 2007). På vegne av NIKU Distriktskontor Bergen har Arkeologisk museum i Stavanger (AmS, frå 2009 av Am/UiS) gjennomført den arkeologiske granskinga. Sjølve overvaksingsarbeidet vart utført av rapportforfattaren i ei mellombels stilling ved AmS. Forskar Helge Sørheim var ansvarleg for saka hos AmS.

3. Tidsrom og deltakarar

Arkeolog Even Bjørdal ved AmS stod for overvakinga, i tillegg var Tore Helge Olsen ved AmS innom ved eit par høve. Overvakinga fann stad innan perioden desember 2007 - mars 2008. I desember 2007 var det 1 dag, i januar 2008 også 1 dag og i mars 2008 var det 6 dagar. Det varierte kor mange timar med overvaking det var snakk om per dag, frå eit kort besøk på ein halvtimes tid til full arbeidsdag. Gravearbeidet blei utført for tiltakshavaren av Brødrene Torjussen AS og Stangeland Maskin.

4. Metode

Overvakinga gjekk føre seg på det viset at arkeologen først forklarte for gravemannskapa kva slags typar strukturar, gjenstandar og lag dei skulle vere særleg observante på. Deretter følgde arkeologen med på kva som kom til syne i løpet av gravinga. Av og til vart maskina stansa for at arkeologen skulle få teke foto og gjort oppmålingar og notatar knytt til tilhøva innanfor undersøkingsområdet. Dokumentasjonsmaterialet frå overvakinga omfatta såleis foto, skriftlege notatar og enkle skisser, og informasjon frå manuell oppmåling med måleband og tommestokk.

5. Kort om overvakinga

Arbeidet tok til 07.12. 2007 ved at det i løpet av nokre timar blei grave ein grøftetrasé frå naboeigedomen (tilhøyrande Stavanger Aftenblad) og i retning mot kjellarinngangen på austsida av St. Petri - kyrkja. Denne grøfta var naudsynt for å kople ein vassleidning frå kyrkja til den kommunale hovudtraséen for vatn i Nykirkebakken (jf. vedlegg 2). Frå AmS var Tore Helge Olsen og Even Bjørdal til stades ved overvakinga denne dagen. Det blei tidleg klart at grunnen her bestod av omrota, påfylte massar frå nyare tid som låg på grunnfjellet. Det vart ikkje observert verken strukturar eller gjenstandar som kunne tolkast som freda kulturminne.



Fig.1 Grøfta i retning kyrkja. Mot V. Fig. 2 Grøfta med inngangen i bakgrunnen. Påfylte massar og sprengt fjell. Mot SV.

Den 18.01. 2008 heldt overvakinga fram, ein fortsette no med å grave i området utanfor den austlege kjellarinngangen til kyrkja. Under overflata av asfalt og hardpakka grus og sand, dukka det opp påfylte massar (jord, stein, knust stein og raud tegl, ymse metallfragment mm.). Her traff ein også på den røyrtraséen som gjekk parallelt langs austsida av kyrkja. Under desse diverse røyra og kablane var det eit nivå med mengder av sprengt stein/grunnfjell. Under dette var det steril grunn av leirhaldig silt. I alt var det grave noko over to meter ned i desse massane. Det vart ikkje gjort funn av kulturminnerestar.

Det var overvaking den 03., 04., 05., 10., 11. og 14.03. 2008. Ein fullførte då først grøfta heilt fram til kjellarinngangen. Her dukka det opp restar etter ein steinmur. Noko av denne blei først graven bort, fordi ein trudde steinane berre var del av den same typen sprengt grunnfjell som



Fig. 3 Det første glimtet av steinmuren. Mot SØ.



Fig. 4 Grøft og mur ved inngangen. Mot NNV.

ein hadde funne i grøfta tidlegare. Etter at ein forstod at det var tale om ein mur, følgde ein denne ved å grave i eit avgrensa område parallelt med austveggen til kyrkja, på kvar side av inngangen. Muren var på det meste bevart i fem omfar og i ei høgde på omlag 1,40 m. Det var murresten nord om inngangen som var i best stand, den delen som blei påvist mot sør fanst berre i vekselsvis eitt og to omfar. I alt vart omlag 18 m av denne muren avdekka, ca 9 m framfor og sør om inngangen og ca 9 m nord for inngangen. Muren låg parallelt med sjølve kyrkjeveggen, ca 1,50 m ut frå denne. Steinmuren kvilte på eit lag av knust stein/fjellgrunn, og det verka som at det låg liknande masse mellom steinmuren og kyrkjeveggen. Den framgravne murresten er difor tolka som ein støttemur til St. Petri - kyrkja, mest truleg oppført samstundes med kyrkja på 1860 - talet. Moglegvis høyrer han til same kontekst som ein annan mur som var synleg i dagen eit stykke lenger nord ved kyrkja (jf. fig. 8). Murverket blei ikkje teikna, ein nøydde seg med foto og innmålingsnotatar.



Fig. 5 Den sørlege delen av muren. Mot V.



Fig. 6 Hovudparten av den nordlege delen av muren. Mot VNV.

Overvakinga den 14.03. var berre eit kort besøk til gravinga som føregjekk langs vestsida av kyrkja. Her var det ingenting å spore av kulturminnerestar, berre påfylt, nyare tids masse inntil grunnmuren og grunnfjell som stakk opp under denne massa.



Fig. 7 Den nordlegaste delen av muren. Mot SØ.



Fig. 8 Nordleg del av mur og annan, synleg mur like i nord. Mot NV.

6. Oppsummering

Den arkeologiske overvakinga av gravinga på ved St. Petri - kyrkja gjekk føre seg over åtte dagar i perioden desember 2007 - mars 2008. Det blei undersøkt eit areal på ca 80 - 100 m² på austsida av kyrkja. Det vart ikkje gjort funn av freda kulturminne, verken strukturar eller gjenstandsfunn. Området var prega av påfylte lausmassar frå nyare tid over grunnfjell. Langs austsida av kyrkja oppdaga ein restar av ein steinmur. Muren er vurdert til å vere bygd samstundes med kyrkja i 1860-åra, moglegvis som ein forstøtningsmur.

Det vart ikkje teke inn gjenstandsfunn eller jordprøver til AmS i samband med overvakinga. Det originale dokumentasjonsmaterialet, i form av foto og notatar, er levert til Top. Ark. ved muséet.

Even Bjørndal
12.01.2010


7. Litteratur/korrespondanse

Riksantikvaren, 2007 *Graving av grøft for tilkobling av vann, St. Petri kirke*
E-post til Helge Schjeldrup sivilarkitekter mnal AS v/ Live Gram
(for tiltakshavar Stavanger eiendom)
Kopi til AmS og NIKU distriktskontor Vest

FOTOLISTE

Oppdrag:	Forminnets art:		År:	Forminnr./ID-nr.:	Aks.nr.:	Museum: Universitetet i Stavanger
	Arkeologisk overvaking i samband med graving ved St. Petri – kyrkja i Stavanger	Brevjournalnr.:				
Fotograf:	Brevjournalnr.:		Kommune: Stavanger	Gård: Bergjeland	Gnr.: 55	Bnr.:
Even Bjørdal	07/ 590	25/2007				
AmS ansv: Helge Sørheim	Film nr:	Digital	Motiv	UDK-nr		
AmS arkivnr	Bildnr	UTM	Kartblad	Retn.mot		
90139	1		AL 023-5-1	V	I framgrunnen: område mellom Petrikyrkja og nybygget til Stav. Aftenblad, utgrave under overvaking i desember 2007. I bakgrunnen: gravemaskin ved oppstart av overvaka graving på Petriplataet 18.01.08.	
90140	2			VSV	Same motiv som forrige foto, men noko nærmare kyrkja. Ein ser eldre røyr og blanda masse.	
90141	3			NNØ	Same område som på foto 90139, men biletet er teke i motsatt retning, mot nybygget til Stav. Aftenblad.	
90142	4			VSV	Same område som på foto 90140, undervegs i gravinga. Ein ser røyr som kviler på masse av sprengt fyltiststein.	
90143	5			V	Detailfoto av same område som på foto 90142.	
90144	6			N	Graving ved kjellaringgangen til Petrikyrkja.	
90145	7			N	Graving ved kjellaringgangen til Petrikyrkja.	
90146	8			S	Graving ved kjellaringgangen til Petrikyrkja.	
90147	9			NNV	Graving ved kjellaringgangen til Petrikyrkja. Restar av nedgraven mur vert synleg, truleg forstøtningssmur til kyrkja.	
90148	10			S	Graving ved kjellaringgangen til Petrikyrkja. Restar av nedgraven mur vert synleg, truleg forstøtningssmur til kyrkja.	
90149	11			S	Detailfoto av påfylte masser og undergrunn rett utanfor inngangspartiet til kjellaren.	
90150	12			NNØ	Oversynsfoto av røytrase frå kjellaringgang til kyrkja i retning nybygget til Stav. Aftenblad.	
90151	13			NV	Inngangspartiet til kjellaren til kyrkja, med delar av forstøtningssmur og moderne røyr i området.	
90152	14			NV	Del av forstøtningssmuren, N om kjellaringgangen.	
90153	15			NV	Del av forstøtningssmuren, N om kjellaringgangen.	
90154	16			NNV	Graving i området rett SØ om kjellaringgangen til kyrkja.	

Oppdrag:		Forminnets art:		År:	Forminnnr./ID-nr.:	Aks.nr.:	Musnr.:
Arkeologisk overvaking i samband med gravning ved St. Petri – kyrksja i Stavanger				2007-2008	Knytt til 85539		
Fotograf:		Brevjournalnr.:		FU-saknr:	Flyfotoregnr.:	Datering:	
Even Bjørdal		07/ 590		25/2007	3075 D12 R2		
AmS ansvr: Helge Sørheim		Film nr:	Digital	Kommune:	Gård:	Gnr.:	Bnr:
				Stavanger	Bergjeland	55	
AmS arkivnr	Bildensr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr
90155	17	11.03.08			S	Den framgravne forstøttingsmuren og områda rundt.	
90156	18	11.03.08			VNV	Den framgravne forstøttingsmuren og områda rundt.	
90157	19	11.03.08			S	Den framgravne forstøttingsmuren og områda rundt.	
90158	20	11.03.08			V	Den framgravne forstøttingsmuren og områda rundt.	
90159	21	11.03.08			NNV	Den framgravne forstøttingsmuren og områda rundt.	
90160	22	14.03.08			N	Graving i område på vestsida av kyrksja.	
90161	23	14.03.08			N	Graving i område på vestsida av kyrksja.	
90162	24	14.03.08			SSØ	Graving i område på vestsida av kyrksja.	



-  Grøft som må graves for vannføring inn i St. Petri kirke
-  Allerede oppgravd område
-  Hovedtrase tekniske føringer for det nye bygget til Stavanger Aftenblad



STAVANGER KOMMUNE. STAVANGER EIENDOM.
ST. PETRI KIRKE
 RESTAURERINGSARBEIDER 2004 - 2008

Anvisning av grøft som må graves for tilkobling til vann
 Basert på Multiconsults utendørsplan for Stavanger Aftenblad

HELGE SCHELDERUP sivilarkitekt MNAL AS Øvre Holmgate 11 4006 Stavanger

Vedlegg 2 Kart over overvaka område Ø om St. Petri - kyrkja
 Raud farge = omtrentleg areal av overvaka område

